


# Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar - 2025-2033

Føresegner og retningslinjer

PlanID:

Aukra: 202303      Hustadvika: 202304



## Innhold

Reglar som gjeld for heile planområdet .....	3
Generelle føresegner.....	3
§1 Omsyn til miljø, landskap, estetikk og kulturmiljø .....	3
§1.1 Miljøkvalitet, estetikk, natur og landskap (jf. PBL § 11-9, nr. 6).....	3
§1.2 Omsyn til eksisterande bygningar og kulturmiljø (jf. PBL § 11-9, nr. 7) .....	4
§ 2 Forhold som skal avklarast i reguleringsplan .....	5
§2.1 Forhold som skal avklarast i reguleringsplan (jf. PBL § 11-9, nr. 8).....	5
§ 3 Mudring, utfylling og flytting av massar.....	5
Spesielle føresegner .....	6
§ 4 Arealformål i planen.....	6
§ 5 Landbruks-, natur- og friluftsformål – LNF (jf. PBL § 11-7, nr. 5) .....	7
§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone – BSV (jf. PBL § 11-7, nr. 6) .....	7
§6.1 Fersel .....	8
§6.2 Ankringsområde .....	8
§6.3 Fiske.....	8
§6.4 Akvakultur og VKA/VK .....	8
§6.5 Naturområde .....	10
§6.6 Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone (VKA/VK) .....	10
§6.7 Kombinerte formål: Fiske og friluftsliv.....	11
§ 7 Samferdsel og teknisk infrastruktur (jf. PBL § 11-7, nr. 2) .....	11
§7.1 Hamn .....	11
§7.2 Farlei .....	11
§ 8 Føresegnsområde knytta til arealformål (jf. PBL § 11-7 nr 6 & 11-11, nr. 3) .....	12
§8.1 #1 Gossa - Sør - Vest og #2 Stemma: .....	12
§8.2 #3 Frænfjorden - Deponeringsområde godkjent for OMYA Hustadmarmor AS: .....	12
§8.3 #4 Harøysundet v/Lamholmen: Område for utdjuping av seglingslei: .....	12
§ 9 Omsynssoner (jf. PBL § 11-8) .....	13
§9.1 Sikringssone H-190 forureina grunn .....	13
§9.2 Støysone H-210 og H-220 .....	13
§9.3 Omsynssone høgspenning H-370 .....	13
§9.4 Omsynssone naturmiljø H-560 .....	13
§9.5 Omsynssone vern av kulturmiljø H-570.....	14
§ 10 Bandleggingssoner (jf. PBL § 11-8, d).....	15
§10.1 Bandlegging etter lov om naturmangfold H-720 .....	15
§10.2 Bandlegging etter lov om kulturminne H-730 .....	15
Samarbeid om forvaltning av Aukra og Hustadvika kommunar sine sjøareal .....	15

## Reglar som gjeld for heile planområdet

Sjøarealplanen gir reglar for bruk av sjøområda frå strandlinja (kote 0 i kartgrunnlaget) og ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja. Bruk og vern av areala i sjøen og på land skal sjåast i samanheng jf. PBL § 1-2. Avgrensinga mellom sjødel og land-del i kommuneplanen sin arealdel er gjort slik at strandlinja er delelinja mellom planane. Reguleringsplanar i strandområdet som strekker seg ut i sjø er viste med omriss og er del av kommunane sin arealdel på land. Større øyer (som til dømes Orta, Lyngværet, Rindarøy, Bjørnsund, øyane i Frænfjorden, Smørholmen, Kvitholmen, øyane langs Atlanterhavsvegen), øyer knytt til land (Droga, Kråkholmen) og småøyar/holmar med hus/naust (Småholmane, Marholmen Orøya, Langøya) er lagt til kommunane sin arealdel på land. Mindre øyer og skjær som er tørre på fjøre sjø, er tatt med i arealdelen for sjø.

Det digitale plankartet med føresegner er dei juridiske bindande dokumenta for planen, jf. PBL § 11-6. Føresegne og tilknytte retningslinjer er viste i eigne paragrafer i opplinga nedanfor.

## Generelle føresegner

*Lovheimel: PBL §§ 11-9 og 11-10*

### §1 Omsyn til miljø, landskap, estetikk og kulturmiljø

§1.1 Miljøkvalitet, estetikk, natur og landskap (jf. PBL § 11-9, nr. 6)

- a. Ansvarleg for anlegg/tiltak som kan medføre støy for busetnad, fritidsbygg eller viktige friluftsområde og som ligg mindre enn 1 km frå slike, skal lage utgreiing om støy og eventuelle avbøtande tiltak som vedlegg til søknad om bygge- eller etableringsløyve, jamfør støyforskrifta.
- b. Det er ikkje tillate å ankre opp flytande konstruksjonar som husbåtar og lekterar lenger enn 2 månadar utan løyve frå kommunen, jf. PBL § 11-9 nr. 6.

- c. Ved regulering og iverksetting av nye tiltak skal det leggast vekt på energieffektivisering og miljøvennlig energiforsyning.

#### **Retningslinjer**

*Omsynssonene som er lagt inn i plankartet gjeld situasjonen slik den var i 2024. Vidare vil det vere viktig å bruke oppdaterte tilgjengelege kartlag som for eksempel Vann-nett.no, Naturbase.no og Norsk Rødliste for naturtyper og arter. Desse skal ligge til grunn for vurdering av viktige friluftsområde, naturtyper og arter. Lista er ikkje uttømmande.*

*For støy skal den til ei kvar tid gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, ligge til grunn.*

*Ved planlegging i utbyggingsområde og i den einskilde byggesak skal det takast omsyn til:*

- *Viktige marine naturtyper og leveområde for sårbare arter*
- *Eksisterande marin flora, fauna og terrenget i høve til klimavern og eigenverdi*
- *Alle tiltak skal planleggast slik at utslepp til sjø ikkje kan føre til helse- eller miljøskade*
- *Viktige friluftsområde*

#### **§1.2 Omsyn til eksisterande bygningar og kulturmiljø (jf. PBL § 11-9, nr. 7)**

- a. Ved tiltak nærmere omsynssone kulturmiljø og bandleggingssone etter lov om kulturminne enn 100 meter skal saka leggjast fram for rett kulturminnemynde.
- b. Dersom det under arbeid i sjø skulle komme fram skipsfunn, gjenstandar eller andre spor frå eldre tid, må arbeidet straks stansast og melding sendast til kulturminnemynde (fylkeskommunen).

### **Retningslinjer**

*Tiltak bør plasserast i landskapet på ein slik måte at dei ikkje bryt horisontlinjer (åsprofilar, bakkekantar) eller er i konflikt med andre markerte landskapstrekk.*

*Ingen utbyggingsområde er avklara i høve til automatisk freda kulturminne, korkje over eller under vatn eller i vassøyla. For kvart område og i kvar einskild sak må tiltaket leggjast fram for rett kulturminnemynde til høyring. Til hjelp for vurderingar omkring kulturminne har kommunane i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune laga eit datasett over registrerte og mogelege kulturminne. Desse kulturminna er lagt inn i plankartet som omsynssone H-570. Detaljer om sonene får ein ved å kontakte fylkeskommunen.*

## § 2 Forhold som skal avklarast i reguleringsplan

### §2.1 Forhold som skal avklarast i reguleringsplan (jf. PBL § 11-9, nr. 8)

- a. Nye reguleringsplanar eller tiltak etter PBL § 20-1 a, b, d, e, f, j, k, m innanfor planområdet kan berre gjennomførast dersom tilfredsstillande risikotilstand kan dokumenterast.

### **Retningslinjer**

*Tilhøve som er aktuelle å avklare er (lista er ikkje uttømmande): grunn, kvikkleire, forureina grunn, rasfare, farlei, etc. For reguleringsplanar skal vurderingane vere utførte før planen blir sendt på høyring.*

*For tiltak som kan få konsekvensar for vasskvaliteten skal det gjerast vurderingar i samsvar med Vassforskrifta § 12 så tidleg som råd i planprosessen.*

## § 3 Mudring, utfylling og flytting av massar

- a. Ved utbygging som gjeld mudring, utfylling og flytting av massar skal grunntilhøva dokumenterast. Er det påvist eller er mistanke om forureina grunn, skal dette også undersøkast. Avklaringane skal dokumenterast ved søknad om rammeløyve, jf. PBL § 11-9 nr. 8.

## Spesielle føresegner

### § 4 Arealformål i planen

<b>Landbruks-, natur- og friluftsføremål – LNF (jf. PBL § 11-7, nr. 5)</b>
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandzone.</b> <b>Hovudføremål – BSV (jf. PBL § 11-7, nr. 6)</b>
<b>Ferdsel – FE</b>
<b>Ankringsområde - ANK</b>
<b>Fiske – FI / LÅS</b>
<b>Akvakultur – AKV</b>
<b>Naturområde – NO</b>
<b>Kombinert føremål knytt til akvakultur – VKA/VK</b>
<b>Fiske og Friluftsliv. Kombinert føremål – FI/FRI</b>
<b>Hamn – H</b>
<b>Farlei - FA, streksymbol</b>

§ 5 Landbruks-, natur- og friluftsføremål – LNF (jf. PBL § 11-7, nr. 5)

- a. Hensikten med føremålet er å ivareta landbrukets, friluftslivets, og naturens omsyn i kombinasjon. Desse tre er likestilte.
- b. I LNF-områda er det kun tillate å føre opp bygningar eller iverksette tiltak som er nødvendige for landbruksdrift. Dette vil seie jordbruk eller skogbruk eller, herunder gardstilknytta næringsverksemnd basert på gardens ressursgrunnlag. I tillegg er enkle tilretteleggingstiltak for friluftslivet tillate.
- d. Mindre tilretteleggingstiltak for naturmangfald og friluftsliv tillatast under forutsetning av at tiltaket ikke rører ved dyrka mark eller andre viktige landbruks-, natur- eller friluftsinteresser.
- e. Tiltak må innordne seg dei landskapsmessige kvalitetane i området.
- f. Føremålet er ikke til hinder for Kystverket sine behov for tiltak etter PBL.
- g. Føremålet er ikke til hinder for naudsynt vedlikehald av eksisterande bygg

§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – BSV (jf. PBL § 11-7, nr. 6)

- a. Føremålet gjeld fleirbruksområde i sjø for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.
- b. Einskilde flytebrygger er tillat der det ikke kjem i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske.
- c. Framtidig bygging av moloar, kaier, hamner, utdjupingar av farlei, m.m. er ikke tillate om det kjem i konflikt med nasjonalt viktige natur, friluftsliv, ferdsel eller fiskeinteresser. Slike tiltak som kjem i konflikt med disse nasjonale interessene skal skje etter avklaring gjennom reguleringsplan, med mindre anna er sagt under det einskilde planføremålet.
- d. Etablering av akvakultur, utfylling og deponering i sjø er ikke tillate.
- e. Legging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmepumper, straum- og telenett og røyrleidningar for olje og gass kan tillatast på havbotnen. Traseaval og eventuelt utslepp skal avklarast etter gjeldande lover og forskrifter.

Traseeval og eventuelt utslepp skal leggast slik at dei ikkje kjem i konflikt med nasjonalt viktig naturmangfold.

f. Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar er tillate der det er nødvendig.

#### §6.1 Ferdsel

- a. Områda har høg trafikk og/eller trонge farvatn. Det er ikkje tillat med aktivitet som er til hinder for trafikk, eller tiltak som vil påverkast negativt av trafikken.
- b. Kystverkets installasjonar er unntatt føresegna 6.1.a.

#### §6.2 Ankringsområde

- a. Områda skal nyttast til kortare opphold for skip før tilgang til kai.
- b. Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø i sona. Under dette fortøyning av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.
- c. Ankringsområda kan nyttast til ferdsel, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for ankring, jf. PBL § 11-11 nr. 3.

#### §6.3 Fiske

- a. I fiskeområda har fiske prioritet, jamfør PBL § 11-11 nr. 3. Føremålet dekker også område for låssettingsplassar.
- b. I fiskeområde er det ikkje tillat med tiltak som hindrar eller er til ulempe for fiske.

#### §6.4 Akvakultur og VKA/VK

- a. Følgjande område er sett av til akvakultur av alle artar, jf. PBL § 11-11, pkt. 7:

Aukra kommune

1547: AKV_1, AKV_4, AKV_5	Kråkneset
1547: AKV_2, AKV_6	Aukrasanden
1547: AKV_3, AKV_15	Sandholmane
1547: AKV_10	Orholmen

Hustadvika kommune

1579: AKV_1, AKV_9	Storvika
1579: AKV_3	Krekvikbogen
1579: AKV_4	Ørjavik
1579: AKV_5	Gaustad

b. Følgjande område er sett av til akvakultur av tang/tare og/eller tunikatar jf.  
PBL § 11-11, pkt. 7:

Aukra kommune:

1547: AKV_7	Kalvøya sør
1547: AKV_8	Gullholmen
1547: AKV_9	Kvernholmen
1547: AKV_11	Nord Orten
1547: AKV_13	Småskjera sør
1547: AKV_14	Kobbeskjera
1547: AKV_16	Lyngværet
1547: AKV_17	Kjølingen v/ Rindarøy
1547: AKV_18	Hamneskjæra

Hustadvika kommune:

1579: AKV_2	Isingvågen
1579: AKV_6	Ramsvikneset
1579: AKV_7	Kalsneset
1579: AKV_8	Svansholmen

- c. Heile overflateanlegget skal ligge innanfor formålet. Fôrflåte og evt. bustader på sjø med fortøyinger skal ligge innafor område der akvakultur er tillate. Der det ikkje finst eige føremål for fortøyinger (VKA/VK), skal heile anlegget, inkludert fortøyinger, ligge innanfor området, jf. PBL § 11-11, pkt. 3.
- d. Fortøyinger må ikkje hindre fri ferdslle for mindre fartøy mellom anlegget og land. Fortøyinger i land skal festast minimum 2 meter under lågaste lågvatn.
- e. For anlegga ved Kalvøya, Gullholmen og Kvernholmen (AKV\_7, AKV\_8 og AKV\_9) kan berre to anlegg etablerast og drivast samstundes.

#### **Retningslinjer**

*For å kunne ta områda i bruk til akvakultur blir det kravd løyve etter Akvakulturlova. Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planformålet.*

*Dersom det blir søkt om lokalitetsavklaring for andre fiskeartar enn laks, må konsekvensar for aktuell art utgreiaast.*

*Anlegga ved Kvernholmen, Gullholmen og Kalvøya blir vurdert å kunne ha middels til stor negativ konsekvens for ferdsel om alle skulle drivast samstundes. Kvar av lokalitetane er justerte og klarerte i høve til farleispørsmål, men samla utbygging vil krevje ny vurdering og godkjenning frå Kystverket.*

#### **§6.5 Naturområde**

- a. Tiltak etter PBL §1-6 er ikkje tillate.
- b. Motorisert sport med vannskuter/båt som medfører ureining, støy eller som vesentleg kan redusere områda sine miljø- og naturkvalitetar, er ikkje tillate i desse områda.

#### **§6.6 Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VKA/VK)**

- a. I område for VKA/VK er fortøyinger for akvakulturanlegg tillate. Andre anlegg er ikkje tillate.
- b. Fortøyingane må liggje minimum 20 meter under gjennomsnittleg havnivå og ikkje vere til hinder for farleier og merkesystemet i farvatnet.

c. Fortøyningane inn mot land eller i andre delar av føremålområdet VKA/VK som er grunnare enn 20 meter, skal festast minimum 2 meter under lågaste lågvatn. Det er ikkje tillate med utviding eller nyestablering av akvakulturanlegg i slike område.

#### §6.7 Kombinerte formål: Fiske og friluftsliv

- a. Fiske og friluftsliv er likestilt innanfor desse områda.
- b. Faste installasjonar som kjem i vesentleg konflikt med fiske eller friluftsliv er ikkje tillate.

### § 7 Samferdsel og teknisk infrastruktur (jf. PBL § 11-7, nr. 2)

#### §7.1 Hamn

- a. Innafor området er det tillat å opparbeide hamneområde i sjø. Sjå også §3.
- b. Innanfor området kan det ikkje tillatast tiltak som hindrar trygg ferdsel.

#### §7.2 Farlei

- a. Areal satt av til farlei definerer viktige område for båttrafikk. Sona dekker normalt ei bredde på 500 meter til kvar side av midtlina for farleia. I plankartet blir midtlinja vist med streksymbol.
- b. I eller i nærleik av farlei kan det ikkje etablerast anlegg eller installasjonar som er til hinder eller fare for vanlig sjøverts ferdsel utan godkjenning frå Kystverket eller lokalt hamnevesen (etter delegert mynde). Fortøyningar o.l. innafor kvit sektor, skal normalt ikkje plasserast grunnare enn 20 meter utan godkjenning av Kystverket.
- c. Ankringspunkt for oppdrettsanlegg der heile installasjonen er minimum 20 meter under lågaste lågvatn, kan skje etter godkjenning av Kystverket.
- d. Dette er likevel ikkje til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, straum- og telenett m.m. som ikkje er til ulempe for føremålet.

e. Det kan gjerast tiltak som etablering av navigasjonsinstallasjonar og mindre utdjupingar av farlei utan avklaring gjennom reguleringsplan.

#### § 8 Føresegnsområde knytta til arealformål (jf. PBL § 11-7 nr 6 & 11-11, nr. 3)

Følgjande føresegnsområde er sett i planen:

1547: Aukra	#1 Gossa – Sør – Vest: Område med forbod mot taretråling.
1579: Hustadvika	#2 Stemma: Område med forbod mot taretråling.
1579: Hustadvika	#3 Frænfjorden, deponeringsområde godkjent for Omya Hustadmarmor AS.
1579: Hustadvika	#4 Harøysundet v/Lamholmen: Område for utdjuping av seglingslei.

##### §8.1 #1 Gossa- Sør- Vest og #2 Stemma:

- Føresegnsområda viser område med forbod mot taretråling.
- Føresegnsområda skal sikre dei naturlege tareførekostane i området.

##### §8.2 #3 Frænfjorden- Deponeringsområde godkjent for OMYA Hustadmarmor AS:

- Føresegnsområdet viser området i Frænfjorden som er godkjent for deponering for Omya Hustadmarmor AS.
- Det skal utførast regelmessige kontrollar i området i samsvar med forurensingsmynde.

##### §8.3 #4 Harøysundet v/Lamholmen: Område for utdjuping av seglingslei:

- Føresegnsområdet viser område i Harøysundet for utdjuping av seglingslei.
- Tiltak i dette området er ikkje tillat i gyteperioden for fisk.

## § 9 Omsynssoner (jf. PBL § 11-8)

### §9.1 Sikringssone H-190 forureina grunn

- a. Omsynssona viser til område som er forureina grunn.

### §9.2 Støysone H-210 og H-220

- a. Omsynssonene raud sone (H210) og gul sone (H220) viser til støyforskrifta, T-1442. Det blir vist til føresegner i kommuneplanen sin arealdel for kvar einskild kommune.

#### ***Retningslinjer***

*Ved søknad om bygge-, klarerings- eller etableringstillating, som kan føre med seg støy og som ligg under 1 km fra støyfølsam busetnad som definert i T-1442 og i rapport «Kartlegging av støy frå akvakulturanlegg i sjø», skal det leggast vekt på støyfagleg utgreiing og dokumentasjon av kva avbøtande tiltak som skal redusere støyulemper for busetnad eller viktige friluftsområde.*

### §9.3 Omsynssone høgspenning H-370

- a. Omsynssona viser høgspenningskabel i sjø.
- b. Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø, som akvakulturanlegg, i sona.

### §9.4 Omsynssone naturmiljø H-560

- a. Omsynssona viser område bevart til naturmiljø.
- b. Innafor sonene skal naturmiljø ha prioritet. Det må ikkje gjevast løyve til tiltak etter PBL §1-6 som kan forringe naturmangfold i tilknyting til sjøbotnen, vassøyla og over vatnet. Naturmangfaldet skal ikkje bli utsett for skade eller øydelegging.
- c. Avløpsvatn og andre konsentrerte tilførslar av forureining eller utslepp av kjølevatn frå land, skal førast utanom området.

Område Aukra:	Føresegner:
H560_5 Gossa – Sør - Vest	Det må ikke utførast tiltak i hekkeperioda for fugl.
H560_8 Løvika	Det må ikke utførast tiltak i hekkeperioda for fugl.
H560_14 Aukraholman	Område viser hekkeområde for grågås. Det må ikke utførast tiltak i hekkeperioda for fugl.

Område Hustadvika:	Føresegner:
H560_13 Stemma	Det må ikke utførast tiltak i hekkeperioda for fugl.
H560_19 Område rundt Skutholmen	Kystlyngheia i desse områda skal verte forvalta slik at ein ikkje skadar eller forringar den økologiske tilstanden.

#### §9.5 Omsynssone vern av kulturmiljø H-570

a. Omsynssone gjeld vern av lokalt, regionalt og nasjonalt viktige kulturmiljø. Det er viktig å oppretthalde den visuelle opplevinga av landskapet som grunnlag for kunnskap og oppleving, med vekt på tilhøvet mellom kulturminna og landskapet i kring. Nye tiltak må ikke redusere verneverdien til kulturmiljø. Før tiltak blir sett i verk, skal saka leggast fram for regional kulturvernmynde for vurdering i høve til visuell og faktisk påverknad. Dette gjeld tiltak både på vassflate, i vassøyle og på sjøbotn og også endring eller flytting av eksisterande anlegg og forankringar.

b. I områder med omsynssone kulturmiljø skal kulturhistorisk verdifulle bygg og områda sine særprega miljø, inkludert landskapsverdiar, takast i vare. Nybygg og tilbygg kan godkjennast når området sine kulturhistoriske verdiar ikkje blir forringa. Nybygg og tilbygg skal underordna seg eksisterande bygningsmiljø. Plassering og utforming, omsyn til storleik, form, materialar, detaljering, fargar med vidare skal harmonere med eksisterande struktur og bygningsmiljø i området.

c. Ved nye tiltak innanfor omsynssona kan kommunen krevje at kulturmiljø/landskap blir dokumentert, og at det blir omtala korleis desse verdiane blir tatt i vare.

## § 10 Bandleggingssoner (jf. PBL § 11-8, d)

§10.1 Bandlegging etter lov om naturmangfald H-720

- a. Sonene viser område som er verna etter lov om naturmangfald.
- b. Innafor sona er det verneforskrifta som er styrande for arealbruken.

§10.2 Bandlegging etter lov om kulturminne H-730

- a. Sonene viser område som er freda etter kulturminnelova.
- b. Innafor sona gjeld reglar om freding etter kulturminnelova.

## Samarbeid om forvaltning av Aukra og Hustadvika kommunar sine sjøareal

Kommunane ser det som ønskeleg med eit felles forvaltningsgrunnlag for sjøarealet slik dette er etablert gjennom plansamarbeidet om Interkommunal sjørealplan for Aukra og Hustadvika kommunar, datert ..... (Aukra kommune) og ..... (Hustadvika kommune).

Samarbeidet er heimla i PBL kap. 9, jamfør § 9-2 og § 9-6.

For framtidige revisjonar av kommuneplanen sin arealdel vil truleg kommunane revidere arealbruken for sjø og land samstundes. Samarbeidsavtalen for sjøarealet gjeld fram til ny arealdel for sjø blir vedteken i ein av kommunane. I arbeidet med ny kommunal planstrategi, jf. PBL § 10-1, skal kommunane vurdere om felles planarbeid bør halde fram og organiseringa av dette.

Innafor rammene av gjeldande sjøarealplan skal kommunane søke felles økosystembasert forvalting av naturressursane. Konkret betyr dette gjensidig informasjon om, drøfting av og eventuell felles uttale til:

1. Nye søknadar og/eller utviding av gjeldande løyve om oppdrett etter akvakulturlova.
2. Nye løyve til hausting av tare, meldt av Fiskeridirektoratet med heimel i havressurslova (5-års syklusar).
3. Ny infrastruktur på havbotnen.
4. Ny industriell utnytting av sjøområda slik som til dømes energiproduksjon og utvinning av mineralar.
5. Forslag om vernetiltak.
6. Tiltak for å auke kunnskapsgrunnlaget om lokale havressursar, kartlegging og eventuell felles finansiering av slike tiltak.